



Sak nr 7/2010

Møtedato: 3.2.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: F 530

## F 530, Nørre Gilen – tvist om gjerde

Fjellstyret har fått klage frå Torger Hålien om at stølsnabo Rognes har flytta gjerdet på tilleggsjord F 530. Ola Tande har også vore i kontakt med fjellstyret om saka. Fjelloppsynet var på staden og kontrollerte inngjerdinga. Det såg ut som om gjerdet nyleg var flytta ca 40 cm der goto er på det smalaste. Etter kontrolloppmåling fyrste gong i 1995 var avstanden på det på 2,5 meter, i dag er avstanden 2,2 meter.

Arealet vart vist ut 1961, men i utvisingsvedtaket står det ikkje kor stor avstand det skal vera mellom tilleggsjorda og stølen til Hålien. Oppdyrking vart sluttført ca rundt 1980 og eit dyrkingskart viser bekken på yttersida av gjerdet og ikkje på innsida slik det står i dag. Dette kartet er ikkje utarbeidd av fjellstyret, man av landbrukskontoret i samband med dyrkingsplan. Dette er ikkje eit dokument som er avgjerande for kvar fjellstyret viste ut arealet.

Statskog og fjellstyret var på befarung på staden i 2001. Ein prøvde då å få til eit forlik ved at begge flytta gjerdet 1 meter kvar der det var på det smalaste. Rognes stadfesta at han aksepterte eit slikt forlik, men Hålien var ikkje interessert i forlik om dette. Sidan ein ikkje kunne konkludere sikkert kvar utvisinga skulle vera ut frå fjellstyrevedtaket 1961, vart det ikkje gjort meir med saka. Partane vart einige om ei grensejustering ved fjøset til Rognes, og gjerder vart flytta relativt raskt i samsvar med forlik.

Administrasjon har skrivne til Rognes, Hålien og Bakke og bede om orientering om problemet. Svar på brev er lagt ved møtepapira. Både Bakke og Hålien har god veg litt lengre sør, og det er ingen som kan dokumentere at dei har praktisk behov for goto. Hålien og Bakke framhevar at det er viktig å ta vare på den gamle vegen ut frå kulturhistoriske verdiar. Dette skal vera den gamle stølsvegen som gjekk heilt til Strø og Kvitehaugen. Dei kan ikkje dokumentere praktisk behov for vegen.

Rognes opplyser at dei 2008 fekk vasskader på selet pga bekken bygde seg opp i snøsmeltinga. Det var laga ein voll mellom gjerde og bekken, dette er bakgrunn for at gjerdet er flytta. Om gjerdet fyrst var flytta etter forlik i 2001 og så flytta tilbake er uklart.

Ein kan vanskeleg sjå at bruk av traktor er den beste måten å ta vare på goto. Traktorar gjer langt større skade enn ei hestevogn. Ut frå flyfoto ser ein markering etter hjulspor. Utanom siste del mot stølane til Bakke og Hålien kan ein neppe vurdere dette som ein veg i dag. Veg som ikkje er opparbeidd for kjøring med vanleg bil, er etter "Lov om motorisert ferdsel i utmark" ikkje tillate å bruke til motorisert ferdsel. Ei eventuell opparbeiding av veg til normal standard krev godkjenning av både grunneigar og kommunen.

Om ein vegrett blir erstatta med ein ny vegrett, er det ikkje automatikk i at ein får behalde den gamle retten. Stølsbrukarane har fått avløyning med ein ny vegrett sør for stølane.

Etter stølsforskrifta avgjer fjellstyret utvising av tilleggsjord og Statskog tek stilling til inngjerding. Bruk av grunn til veg er eit spørsmål Statskog avgjer som grunneigar.

I sak 50/09 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Før fjellstyret tek avgjerd i tvisten om goto, vil ein be Rognes og Hålien på nytt å vurdere forliket som vart skissert under befarung i 2001.*

*Fjellstyret reknar ikkje dette som ein veg som er open for motorisert ferdsel, jf. lov om motorisert ferdsel i utmark. Vegen kan derfor ikkje nyttast til kjøring med motorisert kjøretøy.*

Torger Hålien skriv følgjande i brev datert 16.12.09:

*Jeg står ved min tidligere beslutning og godtar ikke forslaget til forlik fra 2001. Jeg godtar heller ikke at gamle veien til Strø blir stengt og brukt til havne. Jeg ser heller ikke at Rognes sin begrunnelse for å flytte gjerdet har noe med oversvømmelsen av vannet å gjøre. Og hadde Rognes holdt seg til kartet og hatt gjerdet sitt på den siden av bekken som kartet viser ville gjerdet ikke vært i konflikt med bekken i det hele tatt. Kartet har jeg fått som nabovarsel av kommunen i sin tid og da er det vel det samme hvem kartet er utarbeidet av. Det er riktig at det ikke står noen avstand på kartet men det går klart frem på hvilken side av bekken gjerdet til Rognes skal være. Jeg ber ikke om noen eksklusiv rett til å bruke gamleveien men veien bør være åpen for alle. Ved å stenge veien ved å dra på gjerdet vil bare veien forfalle mer. Veien har blitt brukt til nyttekjøring med traktor helt til Rognes flytta på gjerdet så det ble for trangt. Veien har ikke forfalt på grunn av denne bruken.*

*Jeg kommer til å sende et brev å informere kommuneledelsen om denne saken. Det hører ikke hjemme at kommunens gamle veier stenges for at den skal brukes som beite. Dette også fordi at kartet som jeg mener skal gjelde har jeg fått fra kommunen for at jeg skal forholde meg til dette.*

Sigrid og Knut Einar Rognes skriv følgende i brev datert 15.12.09:

*Vi har mottatt brev angående sak nr: 50.2009. Nørre Gilen F530. Vi synes det er greitt, slik som fjellstyret er komne fram til. Når det gjelder bredde på "Goto", så er det plass til å ferdast for folk og fe.*

*Merknader om stølsvegen Strø-Kvitehaugen: Frå gammalt så brukte stølseigarane "Kløvhest", opp ved Riste, over fjellet, så etter sørre enden av Mitre-Syndin osv. Etter Ala vart utgraven, så vart det "va", ved Pyttingen, dei kjørde der, og sørover etter fjorden.*

Torger Hålien har reist tvil om inngjerdinga av F 530 er rett og viser til dyrkingskart der bekken går på motsatt side av gjerdet. I vedtak frå 1962 er det berre ei skisse av utmålinga og bekken er ikkje vist, heller ikkje avstand til stølane. Dyrkingskartet er utarbeidd av landbrukskontoret og er avgjerande for kva som er vist ut. Ut frå arkivet ser ein at arealet var under oppdyrking i 1979. Fjellstyret har kontrollmålt jordet, og har ikkje funne at det er vesentlege differanse ut frå vedtak frå 1962. Ut frå tilgjengeleg dokumentasjon, kan ikkje fjellstyret ta stilling til om inngjerdinga er skjedd i strid med utvising frå 1962.

Rognes har flytta gjerdet ca 40 cm samanlikna med tidlegare oppmåling. Fjellstyret finn det kritikkverdig at det ikkje er søkt om dette. Sidan goto ikkje er å rekne som ein veg for motorisert ferdseil, finn ikkje fjellstyret at det har praktisk betydning om gjerdet er flytta 40 cm.

Etter stølsforskrifta skal fjellstyret gjere vedtak om utvising av tilleggsareal og spørsmål om inngjerding skal avgjerast av Statskog. Spørsmål om mindre grensejusteringar, som i dette tilfellet, blir etter avtale med Statskog avgjort av fjellstyret.

**Vedtak:**

Fjellstyret godkjenner utvising og inngjerding av det arealet Rognes har gjerda inn.

Fjellstyret vil oppmode partane om følgje forlik som vart skissert under befarung i 2001.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 5.2.10.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Sigrid og Knut Einar Rognes  
Torger Hålien  
Statskog